

08.02.2023

# ***Verksemdplan 2023***

## ***for***

# ***Vest-Telemark PPT***



Kjersti Bollerud

## Innhald

<b>1.0 Vest-Telemark PPT</b> .....	2
1.1 Samarbeid med andre fagmiljø .....	2
1.2 Tilsette i PPT .....	3
1.3 Visjon og mål for tenesta.....	3
1.4 PP-tenesta sine to mandat .....	4
1.5 TPO-råd og FSB om sentral arbeidsform .....	4
<b>2 Heimlar i opplæringslova og barnehagelova</b> .....	4
2.1 Aktuelle styringsdokument for PP-tenesta .....	4
2.2 Utviklingsområde – styringsdokument .....	5
<b>3.0 Kvalitetskriterium for PP-tenesta</b> .....	6
3.1 PP-tenesta er ei fagleg kompetent teneste.....	6
3.1.1 Utviklingsområde.....	6
3.1.2 NME .....	8
3.1.2 Fagvanskar .....	9
3.1.3 Etterarbeid etter tilsyn av Statsforvaltar.....	9
3.1.6 Organisasjonsutvikling.....	10
<b>4.0 PP-tenesta er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng</b> .....	10
4.1 Utviklingsområde .....	11
4.2 Felles rutinar med barnehagane og skulane .....	11
4.3 PP-tenesta har ei avklart rolle i den kommunale og fylkeskommunale organisasjonen .....	11
<b>5.0 PP-tenesta arbeider førebyggjande</b> .....	12
5.1 Utviklingsområde Her vel PPT å ta med desse tre kulepunkta frå Udir: .....	12
<b>6.0 PPT bidreg til tidleg innsats</b> .....	13
6.1 Utviklingsområde .....	13

## 1.0 Vest-Telemark PPT

Vest-Telemark PPT IKS blir drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje. Selskapet blei oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1996 nr.6. Tenesta har kontorstad i Kviteseidbyen, men yter tenester lokalt i alle eigar-kommunane. Samarbeidet er regulert i selskapsavtale for Vest- Telemark pedagogisk-psykologisk teneste IKS.

Eigarskap og ansvar blir fordelt mellom kommunane prosentvis etter folketal. Eigar- og ansvarsdelane blir justera kvart fjerde år. Selskapsavtala blei sist endra haust 2022 som eit resultat av at fylkeskommunen avslutta sin eigardel i selskapet. Eigaransvar er fordela frå 1.1.2023 slik:

Deltakar	Eigardel
Fyresdal kommune	9%
Kviteseid kommune	18%
Nissedal kommune	10%
Seljord kommune	21%
Tokke kommune	15%
Vinje kommune	27%

PPT yter tenester til 19 barnehagar og 13 barn- og ungdomsskular i regionen.

Vest-Telemark PP-teneste er ei rettleiingsteneste som skal bidra med kompetanse i barnehage og skule med tanke på å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til barn og elevar med særlege behov.

PPT skal óg sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering når lova krev det. PP-tenesta vurderer om det er behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage, spesialundervisning i grunnskule, og for vaksne med rett til spesialundervisning.

### 1.1 Samarbeid med andre fagmiljø

PPT deltar i ulike fora for tverrfagleg samarbeid i kommunane i Vest- Telemark. Målet med møta er å drøfte aktuelle saker, førebyggjande tiltak. Desse møta er i tillegg ein arena for

informasjonsutveksling og etablering av strukturar og samarbeid på tvers av verksemder og tenester. PPT samarbeider med blant anna;

- Barnehagar
- Skular
- Skulehelsetenesta
- Interkommunal psykologteneste
- Barnevernstenesta
- Habiliteringstenesta
- Barne- og ungdomspsykiatrien
- Dei statlege kompetansesentera

## 1.2 Tilsette i PPT

PPT har sju fagstillingar medrekna leiarstilling. Kontoret har også ein sekretær i 100% stilling og reinhaldar i 19%.

	Stillingsprosen
<b>Administrasjon</b>	
Kjersti Bollerud, dagleg leiar	100%
Marianne Eikland, sekretær	100%
<b>PP-rådgjevarar skule:</b>	
Gørild Bothner Kanstad	100%
Elin Eika Bringa	50%
Marte Lykseth	80%
Eirin Hovda Brekkan	100%
Åse Breiland	100%
<b>PP-rådgjevarar barnehage:</b>	
Solbjørg Vik Hansen	100%
Merete Tveitereid	100%
<b>Andre tilsette</b>	
Bente Grosvold, reinhald	19%

## 1.3 Visjon og mål for tenesta

**Visjon:** Ei tilpassa opplæring for alle.

**Hovudmål:** Vest-Telemark PP-teneste skal vere ei kompetent og samarbeidande rådgjevarteneste som bidrar til å styrke handlingskompetansen i barnehage og skule for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn og med særlege behov.

#### 1.4 PP-tenesta sine to mandat

Individretta arbeid: PP-tenesta skal syte for at det blir utarbeidd sakkunnige vurderingar der regelverket krev det. Dette gjeld for barn under opplæringspliktig alder, elevar og vaksne.

Systemretta arbeid: PP-tenesta skal hjelpe barnehagen og skulen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggje til rette barnehage- og skuletilbodet for barn/elevar med særlege behov.

#### 1.5 TPO-råd og FSB om sentral arbeidsform

Alle barnehagar og skuler har faste kontaktpersonar hjå PPT. TPO-råd og FSB er ein viktig del av PPT sitt systemiske arbeid. I disse møta kan leiinga og pedagog drøfte meldte tema og problemstillingar knytt til born/elevar som ikkje har forventa trivsel og/eller utvikling. Det kan dreie seg om individuelle og/eller systemiske faktorar. Etter drøfting gjennomfører barnehagen/skulen avtalte tiltak. Dersom tiltaka viser seg å ikkje ha ønska effekt, blir tiltaka evaluert på nytt før det eventuelt blir vurderer tilvising til PPT.

Barnehagane/skulene drifter TPO-råd og FSB og einingane skriv referat.

Styrer/rektor/TPO-leiar skal sørge for oversending av sakliste seinast ei veke før kvart møte, slik at PPT kan førebu seg på saker eller tema. PPT kan også melde inn saker til møta. Dersom det ikkje er meldt inn saker til møta, blir møta avlyst. Alle saker skal vere godt førebudd til møte.

## 2 Heimlar i opplæringslova og barnehagelova

PP-tenesta tek hand om mange oppgåver i barnehage, skule og opplæring. Oppgåvene for barn under opplæringspliktig alder er heimla i barnehagelova § 33. Oppgåvene for elevar i grunnskulen er heimla i Oppl. § 5-6. Oppgåvene for vaksne er heimla i Oppl. § 4a-2.

### 2.1 Aktuelle styringsdokument for PP-tenesta

- Opplæringslova av 17.07.1999 m. endringar
- Barnehagelova 17.06.2005 m. endringar
  - St.meld. nr 18 (2010-2011) Læring og fellesskap
  - St.meld. nr 16 ( 2006-2007) ...og ingen sto igjen Tidlig innsats for livslang læring
  - St.meld 31 (2007-2008) Kvalitet i skolen
  - Meld.St. 20 (2012-2013) På rett veg
  - St.meld 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
- NOU 2019:23 Ny opplæringslov
- Kunnskapsdepartementet, Høringsnotat – Forlag til ny opplæringslov og endringer i friskoleloven, 26.08.2021
- Ny læreplan for grunnskole og vidaregåande skole
- Rammeplan for barnehagen
- Ny barnehagelov av 1. januar 2021



- Veilederen til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning (Udir 2017)
- Kvalitetskriterium i PP-tenesta (Udir 2016)
- Prinsipper og prosedyrer for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning – Telemark Fylke 2014
- Årshjul for Vest-Telemark PPT
- Tilsynsrapport frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, januar 2022.

### 2.2 Utviklingsområde – styringsdokument

PP-Tenesta skal halde seg oppdatert med nye styringsdokument. Føringar frå regjering og kunnskapsdirektoratet skal kome til syne i arbeid med sakkunnig vurdering.

PPT skal spesielt arbeide med desse styringsdokumenta:

- St.meld 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO.
- NOU 2019:23 Ny opplæringslov
- Regjeringen.no, kunnskapsdepartementet – Forslag til ny opplæringslov og endringar i friskoleloven, 26.08.2021
- Ny barnehagelov med fokus på «Ny mobbelov i barnehagen»  
PPT deltek på kompetanseheving saman med barnehageforum
- Tilsynsrapport frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, januar 2022

#### Ny barnehagelov – kapittel 9a

Dette punktet må bli vidareført i verksemdplan for 2023, der drøftingar om korleis PPT skal gje tydelege tilbakemeldingar i individ- og systemsaker kring desse lovverka.

Døme på dilemma til drøftingsarbeide vil vere;

Korleis agere som PP rådgjevar når ein t.d. observerer vaksne som krenkar barn, observerer at vaksne ikkje grip inn når barn blir krenka av andre barn og når ein observerer at relasjon vaksen barn ikkje er tilfredsstillande?

#### Forslag til ny opplæringslov og endring av friskoleloven

Dato for når ny Opplæringslov skal gjelde frå har blitt endra frå nasjonalt hold fleire gonger. Siste endring er at ny lov skal gjelde frå 1.august 2024. Difor blir dette utviklingsområde vidareført i verksemdplan for 2023, då det har vore meir aktuelt å vente med drøftinga til no. Så vår 2023 og haust 2023 er det satt av internt utviklingsarbeid til å gjere seg kjent med, og endre arbeidsmåte og form etter nye krav i ny Opplæringslov. Særleg aktuelt er s. 203-212 i Høyringsnotat - forslag til ny opplæringslov og endringer i friskoleloven frå kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-opplaringslov/id2868810/?expand=horingsnotater>.

Døme på Spørsmål til interne drøftingar vil vere; *Kva for konsekvensar vil endringane få for PPT sitt vidare arbeid og mandat? Korleis må PPT endre eksisterande arbeidsmåte for å møte*

*dei nye krava? Kva for vidare samarbeid og drøftingar treng PPT å ha med barnehage og skule for å møte dei nye krava? Og kva for tverrfagleg samarbeid i kommunane utanfor barnehage og skule-møta skal PPT delta på?*

### 3.0 Kvalitetskriterium for PP-tenesta

For å hjelpe kommunar og fylkeskommunar til å utvikle PP-tenesta har Utdanningsdirektoratet utforma fire kvalitetskriterium for PP-tenesta. Føremålet med kriteria er å medverke til kvalitetsutvikling i PP-tenesta.

Innafor kvart av desse områda ligg utviklingsområda våre.

1. PP-tenesta er ei fagleg kompetent teneste
2. PP-tenesta er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng
3. PP-tenesta arbeider førebyggjande
4. PP-tenesta bidreg til tidleg innsats

#### 3.1 PP-tenesta er ei fagleg kompetent teneste

PP-tenesta skal hjelpe barnehagar og skuler med å leggje til rette tilbodet for barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging. Hensikten er at barn og elevar med særskilte behov skal få eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod. Difor må PPT ha høg kompetanse i:

- *å utføre sakkunnig arbeid for barn, unge og vaksne*
- *å hjelpe barnehagen og skulen i arbeidet med organisasjons -og kompetanseutvikling (systemretta arbeid).*

PPT skal ha fagkompetanse om allmennpedagogikk, spesialpedagogikk og organisasjons- og kompetanseutvikling. Samstundes skal PPT ha kompetanse på utfordringar som kan før til at barn, elevar og vaksne har eller kan få behov for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. PPT skal kunne rettleie på kva for konsekvensar nedsett funksjonsevne og andre utfordringar kan ha for læring og utvikling.

PPT skal også ha ei anna kompetanse enn barnehage og skule har. PPT skal ha spisskompetanse på dei mest vanlege tilvisningsgrunnene til PPT, og kunne rettleie barnehagar og skular også på systemnivå i desse utfordringane. Det blir eit viktig utviklingsarbeid framover for PPT å behalde, vidareutvikle og rekruttere høg kompetanse i organisasjonen.

##### 3.1.1 Utviklingsområde

For å yte høg kvalitet i tenesta knytt til det individ og -systemretta arbeidet, må det vere høg kompetanse i organisasjonen. PPT har dei seiste åra fått ei auke av tilmeldte saker der reguleringsvanskar er primærvansken til barnet/eleven. Det er også auke i antal saker med reguleringsutfordringar som barnehagar og skuler vil drøfte tiltak med. Difor har PPT auka



sin kompetanse på teori og ulike metodar og verktøy innafor denne tematikken. Under dei neste overskriftene blir det utdjupa korleis PPT arbeidar innafor dette utviklingsområde.

### Leik som regulering

Leik som regulering starta med opplæring i kommunane oktober 2019 med kurset «Nevro for dummies». Sidan den gong har det vore arrangert fleire kurs blant anna med Susan Hart, og PPT starta nettverket Leik som regulering i barnehagar og skuler. Nettverket har ført til auka kompetanse hjå pedagogar i barnehage og skule. PPT hadde ei tidsline på Implementering av leik som regulering i perioden 2020- ca. 2024. Det var planlagt at over ein fire-årsplan så ville kunnskap om nevroaffektiv utviklingspsykologi vere implementert som tverrfagleg kompetansegrunnlag i barnehagar, skular, helse og barnevern i Vest-Telemark.

Gjennom interne evalueringar av denne implementeringsplanen, er det avdekkja at PPT må bruke lengre tid på å implementere kunnskapen. Det er også behov for vedlikehold og vidareutvikling av kompetanse i personale slik at PPT sikrar at alle tilsette har ei grunnkompetanse på dette feltet. Dette arbeidet vil skje parallelt som nettverka blir evaluert vår 2023. Leik som regulering har vore PPT sitt bidrag inn i inkluderande barnehage og skulesatsinga. Metoden gjev barn/elevlar høgare sosial kompetanse og verktøy for å klare å fungere i eit fellesskap med andre menneskje. Såleis vil denne kompetansen og kunnskapen vere i tråd med *satsingsområde kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis* som alle Vest-Telemark kommunane og PPT skal i gang med frå august 2023.

### Drift av reguleringsnettverk, pulje 6 (barnehage og skule)

PPT drifter pulje 6 i reguleringsnettverket *leik som regulering* i skuleåret 2022-2023. PPT tilbyr eit nettverk for barnehage, og eit for skule. PP-rådgjevarane har ulike erfaringar frå barnehage og skule om korleis desse nettverket treffer pedagoganes behov for rettleiing og kompetanseheving. Barnehagen erfarer at nettverket er nyttig og lærerikt for tilsette i barnehagen, medan skulen opplever det meir varierende på nytting og kompetansepåfyll for sine deltakarar. PP-rådgjevarane for skulenettverket har også erfart at PPT treng å byggje eit anna system for gjennomføring og oppfølging av nettverket mtp. intern ressursbruk og logistikk. Sidan nettverk er ein stor del, og ein viktig del av bistå barnehagar og skuler med kompetanseheving vil PPT bruke god tid vår 2023 på å evaluere nettverka, både med deltakarar og internt, slik at PPT kan endre det som ikkje fungerer så godt.

### Nussa

PPT deltok på NUSSA i 2022 på Hamar for å heve kompetansen internt i organisasjonen. NUSSA står for Nevroaffektiv Utviklingspsykologisk Strukturert Aktivitet. Programmet baserer seg på nevroaffektiv utviklingspsykologi, og blir bruka av pedagogar i barnehage, skule og PPR-psykologar.



### Drift av reguleringsnettverket Nussa

Frå haust 2022 har PPT tilbydd NUSSA-nettverk med deltakarar både frå barnehage og skule i same pulje.

Det er to pp-rådgjevarar som driftar nettverket. Nettverket tilbyr deltakarane teori kring..... og leikar/øvingar/oppgåver som blir vist på, er tiltenkt gruppenivå/klassenivå i barnehage og skule.

Tilbakemelding på nettverket så langt er at deltakarane opplever det som nyttig og lærerikt. Det er likevel svært viktig at nettverket blir grundig evaluert med deltakarane og internt i PPT vår 2023 for å kunne vidareutvikle nettverket.

### Nevroaffektiv analyse- NAA kartleggingsverktøy

PPT brukar Nevroaffektiv analyse i arbeid med barn og unge med reguleringsvanskar. Nevroaffektiv analyse handlar i korte trekk om korleis fagpersonar i PPT, barnevern, BUP og helse kan kartleggje og finne gode tiltak for reguleringsstøtte til barn og unge. Sentralt er kartlegging av kjensle, personlegheit- og interaksjonsmessig kompetanse. Analysa blir bruka for å vurdere om eit barns sårbarheit skuldast regresjon, dissosiasjon eller manglande personlegheitsutvikling. Ut frå resultat av kartlegging blir det utarbeida intervensjonsplan tilpassa individet si nærmaste utviklingsone. Forskinga til Susan Hart, Dag Nordanger mfl. peikar på at god reguleringsstøtte har god effekt på leik og læring.

For å vidareutvikle kompetanse vil det vere naudsynt at PPT fortsett å få rettleiing av Torgeir Forårsveen som er ansvarleg for NUSSA i Noreg. PPT har hatt rettleiing over tre gonger på Teams frå Rena ungdomssenter, men kompetanse og kunnskap er varierende i PPT. PPT har FOU-midlar knytt til COS-P nettverk ståande på fond som er tiltenkt slik type kompetanseheving. PP-rådgjevarane meldar behov om opplæring i bruk av spørjeskjema (NAA), og det er planlagt vidare kompetanseheving vår 2023 i fagutviklingstida til PPT.

### 3.1.2 NME

PPT har delteke i lag med Nissedal og Seljord i eit Fou-prosjekt i regi av Kaja Johannesen ved Østbytnet bo- og behandlingshjem og Bruce Perry om effekt av tiltak innan nevrosekvensiell modell (NME).

Forskningsprosjektet er ei vidareføring av leik som regulering og har hatt ei tidsramme på tre år. Det var knytta eit forprosjekt til NME i skuleåret 2021-2022. Forprosjektet gjekk ut på å skolere rektorar/aktorleiar og aktuelle pp-rådgjevarar i PPT. Skoleringa blei utført av Kaja Johannesen ved Østbytnet. Frå hausten 2022 starta implementeringsarbeidet i skulane. Det blei oppretta ei referansegruppe på kvar skule som arbeida vidare med å implementere arbeidet.

Prosjektet blei større enn først tenkt. Prosjektet engasjerte skuler i både Tsjekkia, Portugal og Noreg. Det blei søkt EU-midlar for å sikre vidare finansiering av prosjektet, men søknaden blei avvist. Dermed blei det haust 2023 søkt på Fou- midlar, og det er forventa svar på

søknaden i veke 9 i 2023. Viss søknaden blir innvilga, vil PPT og Vest-Telemark regionen hjelp til vidare implementering av prosjektet via Kaja Johannesen ved Østbøtunet. Prosjektet har allereie fått OU-midlar på ca.90.000 kr gjennom KS, og det står igjen 60.000 kr på PPT sitt disposisjonsfond som skal bli bruka til implementering av kunnskapen. Ein måte å bruke midlane som bidreg til breiare implementering, er å leige inn Torgeir og Kaja til å ha fagdagar med fagfolk på tvers av tenester og fagområde i Vest-Telemark. Dette vil PPT arbeide med våren 2023 å få til.

Plan for implementering som først blei planlagt så slik ut:

**Forprosjekt:** PPT og skuleleiarar blir utdanna innan NME metoden.

**År 1:** Utdanning i NME metode for rektorar og ca. 4 lærarar pr. skole. Finansierast av forskingsmidlar.

**År 2:** Metoden eksponerast for heile skolen med utprøving på to trinn. Finansierast av forskingsmidlar.

**År 3:** Tiltaket er sjølvdrivande med støtte frå PPT. Utdanning av lærarar i NME-metoden.

Plan for implementering vil måtte bli forlenga og endra på når svar på søknaden om forskingsmidlar blir klar. Det er ennå ei lang veg å gå før dette arbeidet er implementert i barnehagar, skular og i andre fagmiljø.

Prosjektet vil gje Vest-Telemark regionen ny forskingsbasert informasjon om effekten av NME-metoden i skuler, og bidra til at PPT, barnehagar og skuler har oppdatera og tilgjengeleg kunnskap om teamet. Å vere del av dette forskingsprosjektet er stort i Vest-Telemark samanheng, og bør såleis engasjere og bli opplyst om i dei andre kommunane.

### 3.1.2 Fagvanskar

Det er behov for kompetanseheving for alle pp-rådgjevarane i andre vanlege fagområde som matematikkvanskar og fleirspråklegheit, og auke kartleggingskompetanse på fagvanskar og matematikkvanskar.

På fagområde lese-skriv har PPT kjøpt inn lisens på Dysmate, og tre rådgjevarar er no sertifisert.

Det er ønskeleg med kompetanseheving kring kartlegging og tiltak på fagvanskar og matematikkvanskar.

For dei fleirspråklege elevane manglar det kartleggingsmateriell. Det er på nasjonalt hold utarbeida få testar for denne elevgruppa, men NAFO er ei god ressurside. Det bør også bli vurdert fortløpande som NAFO held kurs, om pp-tilsette skal delta på kursa for å auke si kompetanse.

### 3.1.3 Etterarbeid etter tilsyn av Statsforvaltar

I kalenderåret 2022 blei store delar av internt utviklingsarbeid bruka til å forstå tilsynet sine regelbrot, og endre eksisterande praksis. PPT fekk attendemelding frå Statsforvaltar 17.1.2023 om at tilsynet er avslutta, og at alle tiltak er godkjent.

Som eit resultat av tilsynet, har PPT oppretta dysleksistadfestingsteam som fortløpande skal sakshandsame elevar som skal bli vurdert for ei dysleksidiagnose. Denne måten å organisere

arbeidet på, må det setjast av tid til på planleggingsdagane i juni 2023 for å evaluere organiseringa.

Det blei også utarbeid ny mal for sakkunnig vurdering for barnehage og skule. PPT vil setje av utviklingstid for å evaluere ny mal for sakkunnig vurdering i barnehage og skule, pedagogisk rapport og henvisningsskjema for barnehage og skule.

### 3.1.6 Organisasjonsutvikling

Mål:

1. Vidareutvikle veiledarkompetansen hos tilsette på organisasjonsutvikling, leiing, teamutvikling i barnehagar og skular.
2. Vidareutvikle intern kompetanse
3. Gje barnehagar og skular implementeringshjelp til kunnskap og arbeid kring reguleringsvanskar.

Under er det lista opp punkter for korleis PPT har planlagt å arbeide med organisasjonsutvikling.

- PP-tilsette ynskjer framleis rettleiing etter sentral forbundsvis særavtale.
- Deltakarar i reguleringsnettverk frå skule og barnehage har bedt om hjelp til å implementere kunnskapen i eigen organisasjon.
- PPT forsett med intern øving ved å nytte film som utgangspunkt for rettleiing i saker der barn og elevar har reguleringsvanskar. (MIM-analyse)  
Vurdere vår 2023 om PPT skal tilby kompetansesamlingar på lese/skriv-vanskar, då lese- og skrivevanskar og dysleksi framleis er ein av hovudgrunnane for henvisning til PPT.
- Delta i kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis i lag med alle Vest-Telemark kommunane.

#### Intern møtedag kvar måndag

Det har, og er utfordrande å få til god møtestruktur på dei interne møtedagane. PPT prøvar ut ein ny struktur der barnehage og skule har sine møte frå kl 8.00-11.30. Frå kl 12.15 til 15.00 er det fagmøte med tema og arbeid etter punkter i verksemdplanen. Det er lagt opp til ein heil fagdag ca. kvar 5 veke for å arbeide djupare med utviklingsområda til PPT.

#### Organisasjonsutvikling knytt til personalpolitikk

Som eit resultat av at mykje av utviklingstida gjekk med til å endre pedagogisk drift etter tilsyn, må arbeidet med å oppdatere nyttilsettpermen bli fullført i 2023. Permen tek for seg alle rutinar/prosedyrar som nyttilsette treng for å bli kjent med tenesta.

## 4.0 PP-tenesta er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng

PP-tenesta skal vere tilgjengeleg for sine målgrupper og medverke til heilskap og samanheng i tiltak for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Å vere tilgjengeleg inneber å bidra

med kompetanse, rettleiing, råd og hjelp. PP-tenesta gir òg informasjon til målgruppene, slik at dei veit korleis dei kan få hjelp, og når dei kan vente å få hjelp. Dei får vite kva for moglegheiter dei har til å påverke og gje attermelding om kvaliteten på tilbodet som dei får.

#### 4.1 Utviklingsområde

I tidlegare verksemdplaner har eit av utviklingsområda vore at PPT skal vere initiativtakar til å etterspørje effekt av spesialundervisning og kor godt dei sakkunnige vurderingane har trefft på tiltak. I verksemdplan 2023 må PPT sjå større på dette område. Kommunane i Vest-Telemark skriv ein *felles oppvekstplan*, som skal vere ferdig juni 2023, der samhandling er ein del av planen. Korleis samhandlar dei ulike tenestene som eit lag kring barnet? PPT er ein viktig aktør i laget kring barnet, og i arbeidet med å utvikle gode samhandlingsformar, må PPT drøfte både endringar i ny Opplæringslov opp mot behov eigarkommunane har kring PPT sin kompetanse til å bidra i både førebygging og tidleg innsats.

Parallelt må PPT bruke mykje tid internt til å sjå på om tenesta skal ha ei anna organisering enn barnehageteam og skuleteam. Det er ikkje økonomi til å ha fleire enn seks rådgjevarar i tenesta, og dermed vil det då bli berre ein rådgjevar att i barnehageteam når det truleg er naturleg avgang av ein tilsett sommaren 2023. PPT må vurdere vår 2023 om tenesta skal bli organisert som ei *gjennomgåande tverrfagleg teneste*. Dette arbeidet må vere ferdig seinast mai, grunna utreiseplanar og samarbeid med barnehagar og skular. Det er sett av fagdagar og fagmøte til dette arbeidet. Kor mykje tid som må bli bruka, må vere ei fortløpande vurdering utover våren 2023.

#### 4.2 Felles rutinar med barnehagane og skulane

PP-tenesta har felles rutinar med barnehagar og skuler for samhandling om organisasjons- og kompetanseutvikling, samhandling om sakkunnig arbeid, oppfølging av sakkunnige vurderingar og samhandling med andre kommunale tenester og andre samarbeidspartnarar.

##### Tiltak

- Vidareutvikle TPO/FSB rutinar: Det ser ut til å vere eit kontinuerleg behov for både vedlikehald og utvikling av rutinar. Konkret for 2023: Vidareføre tiltak frå 2021 og 2022 om at PPT fortsett oppmode fleire kommunar til at helse deltek i TPO/FSB møta når det er hensiktsmessig. Dette arbeidet vil PPT få naturleg «dra hjelp til» gjennom Oppvekstplanen og kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis.
- På sikt overføre arbeidsmetodar og rutinar frå barnehage som gir god effekt på barns læring til skule.

#### 4.3 PP-tenesta har ei avklart rolle i den kommunale og fylkeskommunale organisasjonen

Dagleg leiar i PPT og leiar i FFU har hatt god dialog på nyåret 2023 om framtidig samarbeidsform mellom oppvekstansvarlege og dagleg leiar i PPT der vidareutvikling av spesialpedagogikk og PPT skal vere i fokus. Det er satt i gang eit arbeid der ein vil leige inn

same konsulent som arbeidar med oppvekstplanen for å hjelpe til å etablere eit slikt samarbeid på sikt.

### Tiltak

- PPT deltek i aktuelle møteplassar for info, dialog og samarbeid med eigarane av tenesta: Per januar 2023 er berre PPT med i Forum for utdanning. Sjå avsnitt over for framtidige tankar kring samarbeidsform med eigarane.
- PPT har eit barnehageteamet som består av to tilsette. Dei er i alle barnehagane.
- PPT skal ha faste kontaktpersonar i skular. Samarbeidet skal vere i tråd med inngåtte samarbeidsavtalar, jf. Styringsdokument, rutinebeskrivingar og «Prinsipp og prosedyrar for spesialundervisning i Telemark», Veilederen for spesialpedagogisk hjelp og veilederen for spesialundervisning.
- PPT skal ha fast tid til TPO/FSB, Tidleg innsats og utviklingstid i barnehagar og skular
- PPT skal arbeide for å delta fast på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege tenester. Dette for å bidra til at hjelpetenestene har godt kjennskap til dei ulike tenestene og slik bidra til at barn og familie deira skal få eit heilskapleg og koordinert tilbod. (Døme: Tverrfaglege team). Dette tiltaket vil bli konkretisert i Oppvekstplanen som skal vere ferdig i juni 2023.
- PPT samarbeider med dei andre PP-kontora i fylket på barnehage, grunn- og vidaregåande skulenivå.
- PPT skal delta i fagnettverk for PPT-tilsette i Telemark ein til to gonger pr. år, dette gjeld ulike fagnettverk, nettverk for vaksenopplæring, mm.
- PPT informerer om tenestetilbodet sitt til barnehagar, skular og føresette gjennom PPT si heimeside.
- PPT formidlar aktuelt fagstoff og info på PPT si Facebookgruppe.

## 5.0 PP-tenesta arbeider førebyggjande

PP-tenesta skal hjelpe barnehagen og skulen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Dei legg til rette barnehagetilbodet for barn med særskilde behov, og opplæringa for elevar med særskilde behov.

Førebyggjande arbeid inneber at PP-tenesta bidreg til at barnehagar og skular kjem i forkant av problem og lærevanskar ved å setje i gang tiltak. Det kan vere universelle tiltak eller spesielle tiltak for barnehagar eller skular med utfordringar.

### 5.1 Utviklingsområde

Her vel PPT å ta med desse tre kulepunkta frå Udir:

- Barnehagemyndigheit, barnehageeigar, PP-tenesta og barnehagane har ei felles forståing av ein inkluderande barnehage og eit godt miljø for læring og utvikling for alle barn i barnehagen.
- Skuleeigar, PP-tenesta og skulane har ei felles forståing av inkluderande opplæring, tilpassa opplæring og tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- Skuleeigar, PP-tenesta og skulane har avklart det ansvaret og den rolla PP-tenesta har i arbeidet med skulemiljøet (opplæringslova kap. 9a).

### Bakgrunn

Det er i hovudsak barnehagane og skulane som melder behov for rettleiing og kompetanseheving. I einskildsaker kan barnehage/skule be om rettleiingsavtale. Avtala gir eit omfang på 4 x 2 timar.

PPT kan også gje rettleiing på klassenivå eller elevar i skuleutviklingstida som er satt av ved kvar skule. Då er det rektor som sendar ei bestilling til pp-rådgjevarane på ønskje av tema.

PPT kan gje rettleiing både på system- og individsaker via nettverksarbeid og via rettleiing i einskildsaker. For rettleiingsarbeid i nettverk er målet at arbeidet skal bidra til varig kompetanse i barnehagar og skular.

### PPT gjev tilbod om deltaking i desse nettverka i 2023:

- Reguleringsnettverk i både barnehage og skule
- Nussa-nettverk
- Språknettverk
- nettverk for multifunksjonshemma barn

### Praksisendring hjå PPT

Mål: PPT ønskjer at skular og barnehagar arbeider førebyggjande i forkant av tilvising av saker. Dette målet har vore del av PPT verksemdplan i nokre år. Ein ser at etter tilsynet med Statsforvaltar er det behov for å vidareføre målet, då det ennå ikkje er ein god nok praksis på alle skuler ennå. Hausten 2022 har PPT arbeidd med dette, både på leiarnivå og i samband med TPO-møter på skulane. Arbeidet må fortsette i 2023, då PPT erfarer at det er framleis veldig ulik praksis i barnehage og skule.

PPT må også for 2023 fortsette målet om organisasjonsutvikling i skuleutviklingstid og FSB/tidleg innsats.

## 6.0 PPT bidreg til tidleg innsats

- Tidleg innsats kan vere innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv og å gripe inn tidleg når problem oppstår eller blir avdekte før opplæringspliktig alder, eller i løpet av grunnopplæringa.
- PP-tenesta, saman med kommunen, barnehagen og skulen, bidreg til å setje inn tiltak ved å utarbeide sakkunnig vurdering innan rimeleg tid.

### 6.1 Utviklingsområde

Vidareutvikle TPO/skuleutviklingstid/FSB/Tidleg innsats som arena for tidleg innsats.

### Hovudmål/visjon

Førtilmeldingsarbeidet er ein god arena for tidleg innsats.

### Delmål/vision

Pedagogisk analyse og førtilmeldingskjema dannar eit godt grunnlag for tidleg innsats.

### Tiltak

- Vidareutvikle FSB og tidleg innsatstilbodet:  
PPT vil hjelpe til med implementering og institusjonalisering av retningsliner, hensikt, ansvar, rutinar og opplæring i metode.
- Arbeide for at helse deltek i alle FSB og TPO-råd.
- Delta i lag med alle Vest-Telemark kommunane i kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis i år 2023-2025.